

## Uskedalen igjen til topps i fjelltrimmen

17.11.2008

**Dette året har 84 fullført Kvinnherad fjelltrim (mot 99 i fjor) og også i år er det Uskedalen som har hatt flest fjelltrimmarar av bygdene i kommunen.  
I 2008 har 16 frå vår bygd klart kravet som er å fullføra fem turar i fem ulike område av Kvinnherad.**



Johanna Yri - den eldste fjelltrimmaren i Uskedalen.

I fjor var talet på uskedelingar heilt oppe i 30, men då var heile sjuandeklassa med 15 elevar leia av lærar Svein O. Sunde rekna inn i talet vårt.

Difor må ein kunne seia at deltakinga av uskedelingar også i år har vore svært tilfredsstillande.

Tysdag kveld, i Helgheim, blir den tradisjonelle Fjelltrimfesten halde i Helgheim og då får mellom andre dei som har fullført trimmen i fem år premie. I tillegg vil alle deltakarane under femten år få ei påskjønning, opplyser turlagleiar Anne Kari Enes.

Av fleire interessante statistiske fakta nemnar ho at 19 av dei 84 er under 15 år og at yngste deltakar er eitt år og eldste 82. Den siste er ikkje overraskande uskedelingen Johanna Yri.

Men det er flest deltakarar i aldersgruppa 60-64 år. Seks gjekk alle 16 turane dette året.

Her er dei 16 uskedelingane:

Brit Hallaråker, Arne Hauge (5 gonger), Marit Hauge (5 gonger), Ingebjørg Haugland, Johannes Haugland, Lars Haugland, Svanhill Haugland, Torbjørn Haugland, Øystein Haugland, Nelly Kjærland, Møyfrid Kristoffersen, Ingrid Kroka, Steinar Kroka, Nils Raudstein, Sidsel Stigum og Johanna Yri.

Kvinnherad fjelltrim har klyppekort med to turmål i kvart av åtte ulike område og i dei fleste av områda kan ein velja mellom ein kort og ein lang tur. Kort eller lang tur tel likt.

I vår bygd har Ulvanåso 34 klypp og Geitadalstind 17 dette året..

Av Ola Matti Mathisen